

Spela i gutemusikken

12.06.2015

Det er fleire enn Kristian Bringedal frå Uskedalen som har minne om vitjinga til kongeskipet og dei kongelege til distriktet i 1958 og ein av dei er Arne Terje Haugland. Han spela den gongen i gutemusikken, som var invitert til Stord fordi det lokale korpset hadde for lite mannskap.

- Vi spela KONGESANGEN både på kaia og oppe i gata, fortel Arne Terje. Korpset var ikkje invitert ombord, men sette altså sitt hørbare preg på begivenheten.
Arne Terje fortel at 3 redningsskøyter var bygd på Stord.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen